

Far i himlen signe vårt yrkje

Tone: Dei vil alti klaga aa kyta

1) Far i himlen signe vort yrkje
Ja kvar mann aa kvar kvinna sitt stræv
Gjev oss alle den klokskap aa styrkje
So me trengja aa hugnaden kræv

2) Lat os vyrda folkje aa lande
leva soleis me elska vert her
Aa dei hugmaali reine aa sande
maa me fremja fjernt aa nær

3) Lat oss gjera da so me evlar
Slikt so gagnar vort folk aa vort land
De' so hugnadsamt ærlegt aa tevla
Vinna vurnad hjaa Gud aa hjaa mann

4) Lat os fjelga, ryggja aa byggja
Laga heimar kvarhels so er raa
Aa med logar aa truska os tryggja
Vonar daa det vert munleg aa sjaa

5) Da er slike yrkje so minna
Um dei gamle so fyr her hev budt
Um dei runnar, steinar aa tinnar
Um dei bakkar so dei hava rudt

6) Me veit at dei laga aa lempa
Dei laut svelta, dei fraus aa dei gret
Ja til blode dei stridde aa kjempa
For aa berga sit heimland aa ret

7) Aa daa um da so skulle os henda
At vort heimland i fare kan staa
Som dei gamle me voga os venda
Os til Gud aa til grensone ga

8) Da er elsking, sanning aa trugna
Da er vurnad, liding aa dug
Da er gaavor me fær til me skugna
Ja dei veksa og gror i vår hug